

HISTO  
RIKAR  
VERK  
SEMDA

# Kulturminnedokumentasjon

Reguleringsplan Furhovden, gnr. 144, bnr. 1 mfl.  
Alver kommune



# Innhald

Innleiing	3
Kort historikk	5
Dokumentasjon av våningshus, Skarsvegen 236, gnr. 144, bnr. 1	7
Bilder – fasadar og omkringliggende kulturmiljø	8
Planløyisingar	15
Bilder – innvendig	16
Oppsummering	23
Litteratur og kjelder	24

Mai 2023

PROSJEKT: Reguleringsplan Furhovden, gnr. 144, bnr. 1 mfl.

Alver kommune

TILTAKSHAVAR: Villanger & Sønner AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

KONTAKT: Silje Een de Amoriza, faghistorikar

silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

# Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med reguleringsplan Furhovden, gnr. 144, bnr. 1 m. fl. i Alver kommune. Tiltakshavar er Villanger & Sønner AS.

Planområdet ligg i Kvamsvågen, like på vestsida av Skarsvegen. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for mellom 5–10 bustader. I hovudsak er det ynskje om frittliggjande bustader som eine- og tomannsbustader. Som del av reguleringsplanen er det planlagt å søke om riving av eksisterande våningshus, i tillegg til andre bygg i planområdet.


Det er registrert fleire kulturminne av ulik art i området. Nokre ligg innanfor planområdet og nokre rett i nærleiken. Alle kulturminna funne i Askeladden er ulike gravminne, der eit av desse ligg innanfor planområde. Det er i tillegg registrert to SEFRAK-bygningar innanfor planområdet og to i nærleiken av planområdet. I sam-

band med reguleringsplanen har Vestland fylkeskommune bedt om kulturminnedokumentasjon for våningshuset som står i planområdet – ei lemstove frå 1800-talet.


VLFK har bedt om innvendig og utvendig fotodokumentasjon av alle berørte bygg. Denne rapporten dokumenterer kun lemstova, tiltakshavar leverer sjølv fotodokumentasjon av øvrige bygg.

For dokumentasjon av andre kulturminner i og rundt planområdet viser me til Vestland Fylkeskommune sin rapport «Kulturhistoriske registreringar» 55 – 2021.

Synfaring av planområdet vart utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr og Silje Een de Amoriza frå Historikarverksemda 10. mai 2023. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.



Varselkart frå Ard arealplan AS.



Kart henta frå planskildringa som viser registrerte kulturminner i og rundt planområdet.

## Kort historikk


- Furhovden vart i 1808 skilt ut som eige bruk frå Indre Fosse bnr 4 og 5.
- Furhovden vart i 1886 skilt ut som eige gardsnr. frå Indre Fosse.
- Informasjon frå bygdebok: «I 1808 selde Per Larsson ein liten part av bruk 4 til Anders Olson, som samstundes kjøpte like mykje av Anders Arneson på bruk V. Dette vart så skilt ut og vart det seinare Førhovden.»
- Folketeljing 1901 budde Skipper H. Larsen og Hdml. J. Totland der.

### Brukarar:

1808 Anders Olsen Indre Fosse  
1847 Johannes Andersen Hestdal  
bygsla av Mons Andersen Indre Fosse  
1858 Mons Andersen Indre Fosse  
1884 Andeas Monsen  
1893 Hans Larsen Nedre Tveit

- Folketal:
  - 1855 4 menn 4 kvinner – 2 huslydar, ein husmann med til saman 3 personar og ein leilen ding til saman 5 personar. 2 kyr.
  - 1875: 4 menn 6 kvinner
  - 1900: 3 menn 3 kvinner
- 1864: Bruk 2 utskilt frå Furhovden

## *Furhovden*



*Furhovden, ukjent årstal. Foto er henta frå boka «Kvamsvåg» av Arne Årseth, Studio Nordhordland 2017, s. 5.*



*Furhovden 1961 med gardbrukar Ludvig Furhovden 1916–1974) og sonen. Foto: utlån: Arne Årseth, «Bygdebok for Alversund», 2021, s. 378.*

# Dokumentasjon av våningshus, Skarsvegen 236, gnr. 144, bnr. 1

I planområdet står eit eldre våningshus med SEFRAK-ID: 1236-0018-110.

Våningshuset er ei lemstove. Den ligg i kulturmiljø med tilhøyrande løe, naust og eldre jordbrukslandskap. Det større området rundt er prega av spreidd busetnad i landlege omgjevnadar. Her er både innslag av eldre gardsbusetnad og bustadhus frå seinare tiår.

I SEFRAK-registreringa er lemstova datert til 1800-talet. Det står at nordstova truleg er den eldste delen som vart sett opp først. Den stod på plassen i 1890. I 1890–1900 vart sørstova bygd av brukar Hans Larsen Nedre Tveit, ifølgje SEFRAK. Ser ein på tilgjengeleg kjeldemateriale for egedommen, så ser dette ut til å stemme.

Opplysningane i kjeldematerialet er imidlertid sparsomme. Men ettersom bruket vart skilt ut i 1808, så stod det sannsynlegvis ikkje noko hus her før dette. Det er difor naturleg å tenke av byggeår for den nordlege stova er frå rundt denne tida. På synfaring av bygget fekk me opna ein liten del av yttervegg i nord, i tillegg til at me også opna opp innvendig. Slik fekk me sett på tømmeret frå begge sider. Tømmerkassa består av flate, smale stokkar med grovt hogd tømmer, sett saman med enkel kunnov. Tømmeret er hogd, det er ingen spor etter sag. Tømmeret er grovt hogd på begge sider – kanskje er dette gjenbruk frå eit eldre gardshus/uthus flytt til staden. Der me opna opp innvendig var det eit kvitt belegg på deler av tømra. Om dette er frå gamal kalk eller om det er fuktutslag fordi tømra har vorte kledd med plast og isopor utan tilstrekkeleg lufting, var vanskeleg å sjå. Tømmeret har mange bruksmerker.

Lemstova står delvis på gamal grunnmur i naturstein, delvis på nyare betongmur. I den nordre delen ser det ut til at botnsvilla på nordveggen er blitt skifta ut, og denne delen av huset står i dag fundamentar på betong.

På dei historiske bildene på forrige side ser ein ei smal og enkel lemstove med smårutete vindauger og saltak. Det er noko vanskeleg å sjå ut i frå dei historiske bildene, men truleg var her opphavelig skifertak.

I 1967 fekk lemstova ei stor, ny ark mot aust, og hovudinngangen vart flytt frå fasaden mot aust til fasaden mot vest. Taket vart også skifta ut, no med takstein, og ein fekk eit opplett på fasaden mot vest. Dette er klassisk for mange av lemstovene som ofte vart påbygd og modernisert i 1950- 1960-åra. Ingen originale vindauger ser ut til å vera bevart, truleg vart også desse skifta ut ca. 1967. På fasaden mot vest er det også ei utvendig pipe.

Innvendig er det få synlege originale detaljar. Laftekassene er ikkje lenger synlege, både hovudetasjonen og loftet er kledd med plater, og golvet har golvbelegg. I delar av hovudetasjonen ser ein malte takbjelkar som truleg er originale.

Den opphavelige romfordelinga er endra i første høgda. Truleg vart dette først gjort ved moderniseringa i 1967. Ei skisse frå SEFRAK-registreringa viser planløysinga slik den var i 1982, som i det store og heile er lik i dag. Ved endring av romfordeling er deler av dei opphavelige laftekassene fjerna. Lemstova har ikkje i dag den karakteristiske inndelinga med stove i kvar ende og skot i midten.

Bildene på dei følgjande sidene viser (på side 8) fotodokumentasjon frå SEFRAK-registreringa gjort i 1982, og deretter bilder frå synfaring gjennomført i mai 2023.

## Bilder – fasadar og omkringliggende kulturmiljø



*Bilder frå SEFRAK-registreringa som vart gjennomført i 1982. Bilder av våningshus og løe. Her ser ein at lemstova utvendig i det store og heile framstår slik som i dag. Få eller ingen fasadeendringar er altså blitt gjort sidan påbygginga i 1967.*





*Synfaring – oversiktsbilde. Våningshuset ligg i midten av bildet med tilhøyrende løe til høgre. Bildet er tatt frå nord.*



*Synfaring – oversiktsbilde. Våningshuset med eksisterande kulturmiljø. Bildet er tatt frå aust.*



*Synfaring – oversiktsbilde. Busetnad like i nærleiken av planområdet.*



*Synfaring – oversiktsbilde. Busetnad like i nærleiken av planområdet.*



*Synfaring – lemstova er del av eit kulturmiljø med løe, naust og gamalt jordbrukslandskap.*



*Synfaring – fasade mot aust.*



*Synfaring – fasade mot sør.*



*Synfaring – fasade mot vest. Lemstova ligg tett inntil berg på denne sida, så det er vanskeleg å få bilde av heile fasaden.*



*Synfaring – oversiktsbilde kulturmiljø. Løa som ligg nord for lemstova.*




*Bildet viser utvendig nordaustre hjørne av den eldste tømmerkassa mot nord.*




*Bildet viser den eldste tømmerkassa mot nord – innvendig fra kjøkkenet. Her ser ein også at botnsvilla er skifta ut og at den i dag ligg på betong.*

# Planløyningar



Planløyning hovudetasje omlag slik det opphavleg må ha vore.



Planløyning frå SEFRAK-registreringa i 1982 – hovudetasjen. Planløyninga skissert her er tilnærma lik slik den er i dag.

## Bilder – innvendig



*Hovudetasjen, inngang frå vest. I det som før var del av den nordre stova er det i dag eit bad – sjå planløsning på forrige side.*



*Bad i hovudetasjen i deler av det som før var stova i nord.*





*Hovudetasjen, inngang frå vest. Trapp opp mot andre etasje.*



*Hovudetasjen, støve i sør. Det som opphøveleg har vore eit lukka rom har no ei ope løysing, og deler av den opphøvelege tømmerkassa har blitt fjerna.*



*Hovudetasjen med stova i sør, som i dag har øpe løysing.*



*Hovudetasjen – innvendig der det vart påbygd med ark i 1967. Spisebordet står omlag der det opphavleg var hovudinn-  
gang inn til skotet.*



*Hovudetasjen – kjøkken i deler av det som opphavleg var stova i nord.*



*Hovudetasjen – kjøkken i deler av det som opphavleg var stova i nord.*



*Loftsetasjen har gang og soverom. Her er få synlege originale detaljar.*



*Loftsetasjen har gang og soverom. Her er få synlege originale detaljar.*



*Lofsetasjen – soverom.*



*Kjellar, med inngang frå sør.*



*I kjellaren ser ein både gråsteinsmur og seinare betongmur – som truleg er frå 1967. På bildet over og under ser ein at deler av opphøvelg bjelkelag og golvbord er skifta ut – truleg også dette gjort i 1967.*



## Oppsummering

Kort oppsummert dokumenterer denne rapporten eit eldre våningshus frå 1800-talet – ei lemstove.

Ut frå SEFRAK-registrering, historisk kjeldemateriale og synfaring gjennomført i mai 2023, så er sannsynleg datering for lemstova 1800-talet: Tømmerkassa i nord er den eldste delen av huset, og vart sannsynlegvis bygd ca. 1808. Det er også mogleg at tømmerstova då vart sett opp med brukt material. Tømmerstova i sør er frå ca. 1890–1900.

Lemstova er del av eit kulturmiljø med tilhøyrande løe, naust og jordbrukslandskap,

og utgjer i denne samanheng eit historieforteljande element.

Som enkeltobjekt kan ein utvendig framleis lese det opphavlege uttrykket til huset, sjølv om det i 1967 vart gjort fleire endringar med etablering av ark og opplett. Innvendig har lemstova gjennomgått store endringar. I dag er her få synlege originale element. Planløysinga i hovudetasjen er endra og delar av tømmerveggane er fjerna. Slik har ein ikkje lenger den karakteristiske planløysinga for slike lemstover med tømmerkasse på kvar side og skot i midten.

## Litteratur og kjelder

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon*.  
Abstrakt forlag, Oslo.

Arne Årseth. 2017. *Kvamsvåg*. Studio  
Nordhordland.

Hjulstad, Olav. 1975. *Byggeskikk på lands-  
bygda*.

Våge, Jan. 2000. *Hus og tun gjennom tidene*,  
Landbruksbokhandelen, Ås.

Haugland, Anders. 2021. *Bygdebok for  
Alversund*.

Seeiendom.no

Digitalarkivet.no